



N

I Olden sentrum tar du av mot Briksdalsbreen og Briksdalsbre Fjellstove ved enden av vegen, 24 km inne i Oldedalen. Frodig, idyllisk dal med vatn, elvar, fossefall og mektige fjell. Utsikt sørøver mot Melkevollsreen, ein arm av Jostedalsbreen, men sjølve Briksdalsbreen ligg i austleg retning, og kan ikkje sjåast frå vegen før du er heilt oppe i Briksdalen.

Sving til venstre ved Mellkevoll Bretun og køyr 500 m lenger inn. Her finn du parkering for buss og bil, like ved Briksdalsbre Fjellstove. Kafe, stor souvenirbutikk, Briksdal Breføring, hesteskysse.

Dei siste 3 km frå Fjellstova og opp til Briksdalsbreen kan du gå til fots, eller leige hestedrosje (bestill i god tid).

Nesten oppe ved brekanten kjem du inn i Jostedalsbreen Nasjonalpark og kan nyte synet av den gigantiske is-kolossen, eller bli med på bretur inn på blåisen.

